



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1395 - 17/24310

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

30.08.2017

Trong for tilleggsinformasjon gbnr 126/3 Hope

Viser til motteken e-post i saka 10.07.17.

De har søkt om frådelling av areal på 99 daa. Heile arealet som det er søkt om frådelling for er i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad avsett til framtidig næringsområde.

Det ligg spesifikke føresegrer i kommunedelplanen knytta til området og tiltaket utløyser plankravet i kommunedelplanen.

Sjølv om ei frådelling og ei byggesak på sett og vis er ulike, skal dei likevel handsamast etter same lovverk. Ei frådelling vil i tillegg forskuttere ei tomtedeling som ein enno ikkje veit om kan realiserast. Forhold tilknytta VVA for eit så stort område må avklarast gjennom ein reguleringsplan. Dette er einaste måten å sikre ei forutsigbar og bærekraftig utvikling av området.

Dersom ein frådeler areal før ein reguleringsplanen er ferdig utarbeida risikerer ein å frådele areal som ikkje let seg realisere slik som føresett eller ikkje vert realisert i det heile teke. Det er difor naturleg at reguleringsplan ligg føre før arealet vart frådelt.

For å vurdere om ein frådelling kan være mulig før det ligg føre ein reguleringsplan, må difor eit minstekrav være at forhold tilknytta VVA er avklart.

Til orientering

Som opplyst tidlegare må manglande opplysningar supplerast for at saka skal kunne takast til handsaming.

Om søknaden vert supplert med manglande opplysningar vil byggesak komme til å gje negativ innstilling til søknad om dispensasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.09.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mongstad Vekst AS

Hagelia 6, Knarvik 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN